



Høyanger kommune

eld kraft vatn



Psykososialt Kriseteam Høyanger kommune

Ei krise er personleg og kan utløysast av opplevingar som gjer sterke inntrykk; t.d. ulukker, uventa dødsfall, alvorleg sjukdom, tap av ein nær person.

Slike livshendingar gjer oss meir sårbare enn elles.

Sorg kan vere ei form for krise.

Ved ulukker der det er behov for psykisk førstehjelp, vil kriseteamet verte kalla inn av sine overordna. Teamet skal då samarbeide med andre hjelparar, t.d. politi og ambulanspersonell – og gje omsorg, skjerming frå media, medmenneskeleg støtte og hjelp utifrå behov.

Når einskildmenneske opplever krise og har trong for ekstra hjelp og støtte frå det offentlege støtteapparatet, så er teamet ansvarleg for at dette vert gjeve på best mogleg måte.

Kriseteamet er meint å vere eit kontaktledd frå ei krise oppstår til det etablerte behandlings- og omsorgsapparatet i kommunen kan ta over og følgje opp på ein trygg måte.

Grappa har *ikkje* vaktberedskap og blir aktivert av kommunalsjef helse og omsorg eller kommunedirektør.

I situasjonar som krev oppfølging, skal personale som er på vakt i tenestområdet nyttast i situasjonen før ein kallar ut ekstraressursar frå teamet.

Andre aktuelle telefonar og adresser:

Legevakt

116 117

Mental helse

Hjelpetelefonen: 116 123
(tast 2 for foreldresupport,
tast 3 for studenttelefonen)

www.mentalhelse.no

www.sidetmedord.no

Alarmtelefonen for barn og unge:

116 111

Rådet for psykisk helse

23 10 38 80/22 35 10 50

www.psykiskhelse.no

Kirkens SOS

22 40 00 40

Nasjonal telefon for utsette for seksuelle overgrep

800 57 000

<http://www.incest80057000.no/>